



# Plan for kompetanseutvikling i grunnskulen 2020

Fitjar kommune

FITJAR KOMMUNE

Mai 2020

## Innhald

Innleiing og bakgrunn .....	1
Mål: .....	1
Kompetanseutviklingstiltak i 2020 .....	2
Strategiar .....	2
Tiltaksplan for kompetanseutvikling 2020 .....	3
Vidareutdanning .....	4
Etterutdanning .....	4
Samarbeidspartnarar .....	5
Økonomi .....	6

### Innleiing og bakgrunn

[https://www.regjeringen.no/contentassets/731323c71aa34a51a6febdeb8d41f2e0/kd\\_kompetanse-for-kvalitet\\_web.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/731323c71aa34a51a6febdeb8d41f2e0/kd_kompetanse-for-kvalitet_web.pdf)

Kompetanse for kvalitet 2016 - 2025 er Kunnskapsdepartementet si vidareføring av «Kompetanse for kvalitet 2012 – 2015». Denne strategien har dei seinare år vorte grunnlaget for eit varig system med vidareutdanning av pedagogisk personale i grunnskulen. Kompetanseutvikling er i tillegg et lokalt ansvar som skal vera forankra i lokale behov i den einskilde kommune og på den einskilde skule. Kvalifisering av lærarar og assistenter må vera kontinuerleg prosess då krav til fagleg og metodisk undervisningskompetanse stadig aukar.

### Mål:

Formålet med kompetanse for kvalitet er å **auka læringsutbytte for eleven**. Styrka elevens læring og motivasjon i grunnopplæringa ved å auke lærarar og skuleleiarars kompetanse.

Lærarars faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse skal vidareutviklast gjennom å gje målretta og landsdekkande tilbod om vidareutdanning. Den nasjonale rektorutdanninga vidareførast som ein del av strategien. Det skal samtidig gjevast tilbod om etterutdanning innan statleg prioriterte fag og kompetanseområde. Strategien skal bidra til å auka lærarar og skuleleiarars status og styrke tilliten til skulens kvalitet.

### Delmål for perioden 2016–2025

- «Bidra til økt faglig og didaktisk kompetanse for lærere og til styrket lederfaglig kompetanse for skoleledere»
- «Være et tilbud særlig tilrettelagt for at skoleiere skal kunne oppfylle kompetansekravene for undervisning i engelsk, matematikk, norsk, norsk tegnspråk og samisk i løpet av ti år, og bidra til at skoleiere skal kunne oppfylle kravene til relevant kompetanse i alle skolens fag»
- «Bidra til kollektiv læring, og utvikling av profesjonsfellesskap på den enkelte skole og skoleier»

Som føregåande år er det også i 2019 – 2020 sett av midlar til vidareutdanning i grunnopplæringa. Denne potten er auka og kommunane har fått reduserte utgifter til vikar. Det er også ute eit tilbod om ei stipendordning for tilsette som ikkje ynskjer frikjøp.

Som eit ledd i å få skulane til å bli lærande organisasjonar har styresmaktene sett i verk fleire typar kompetanseheving enn etter- og vidareutdanninger i fag. Denne forma vert kalla Skulebasert kompetanseheving og er omtala i Stortingsmelding 22(2010 – 2011) Motivasjon – mestring – muligheter:

*«Skolebasert kompetanseutvikling innebærer at skolen, med ledelsen og alle ansatte, deltar i en utviklingsprosess på egen arbeidsplass. Hensikten er å utvikle skolens samlede kunnskap, holdninger og ferdigheter når det gjelder læring, undervisning og samarbeid»*

Forsking syner at dei skulane som greier å gjera god praksis til felles praksis i skulen og som aukar kompetansen sin internt ved kollegarefleksjon, utprøving og deling greier betre å løfta elevresultata enn om ein baserer Kompetansehevingsstrategien kun på einskilde kurs, eller at nokre lærarar tek vidareutdanning.

## Kompetanseutviklingstiltak i 2020

Fitjar kommune har over tid, hatt nokså høg deltaking på vidareutdanninger i statleg regi. Ein har gjennom fleire år hatt lærarar med på vidareutdanning, samt at ein i kursregionen (FOS – forum for oppvekst i Sunnhordland) har gjeve tilbod om kurs og nettverk innafor ei rekkje område. Lista under gjev eit oversyn over hovudtiltaka:

- 6 lærarar har i perioden 2019 – 2020 delteke på vidareutdanning under felles statleg/kommunal strategi.
- 4 lærarar har frå kommunen fått tilbod om vidareutdanning 2020 – 2021 under felles statleg/kommunal strategi.
- Alle skulane er med i ein pilot for å utvikla Chromebook som pedagogisk verktøy
- Alle skulane er med på desentralisert kompetanseutvikling i eit samarbeid med Norsk Lærarakademi. Inkludering kopla opp mot ny overordna del og nye fagplanar.
- Leiarkonferanse i Haugesund i februar for alle skuleleiarane.
- Gjennom FOS har tilsette i skulen delteke på diverse dagskurs og nettverks samlingar.

## Strategiar

Fitjar kommune byggjer på desse strategiane i sitt arbeid med kompetanseutvikling:

- Fitjar kommune vil arbeida for og støtta opp om at det vert teke initiativ til og gjennomført ulike kompetanseutviklingstiltak for skuleleiarar, lærarar o.a. i regi av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). I ein liten kommune som Fitjar er det viktig å søkja samarbeid i regionen for å få til eit godt tilbod.
- Fitjar kommune gjennomfører kontinuerleg kartlegging av behov for kompetanseutvikling i grunnopplæringa.
- Strategiar og tiltak for kompetanseutvikling og skuleutvikling vert sett på dagsorden i felles kommunale møter for skuleleiarane

- Fitjar kommune vil halda god kontakt med utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen
- Fitjar kommune har gjennom FOS/Fylkesmannen inngått eit samarbeid med NLA i høve desentralisert kompetanseutvikling.
- Både kommune- og skulenivå vil delta på ulike nasjonale og regionale kurs og konferansar om skuleutvikling og skulevurdering
- Vidareutdanning kombinert med arbeid i nettverksgrupper gir god læringseffekt for deltakarane og gjer at skular har gjensidig nytte av den kompetanse og dei røynsler som er på andre skular.
- Studiereiser og personalsamlinga og deltaking i større prosjekt er gode læringsarenaer for å utvikla skulen som lærande organisasjon.
- Fitjar kommune vil arbeida for i aukande grad å realisera kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning og utviklingsarbeid over tid. Dette gjev betre effekt enn tradisjonelle kortkurs.
- Kompetanseutviklingstiltaka må gå i djupna, vera forskingsbaserte og vera knytt til praksis.
- For Fitjar kommune er kompetanseutvikling også viktig i høve til rekruttering av personale til skulen
- Alle skulane har eige kursbudsjett til rådvelde.

Gjennom desse strategiane vil Fitjar kommune leggja grunnlag for vidareutvikling av ein god skule. Skuleverket i Fitjar har mange dyktige og kompetente skuleleiarar og lærarar. Gjennom kompetanseutvikling, utviklingsarbeid på den einskilde skule og regionalt samarbeid vil me sjå at skuleleiarar, lærarar og assistenter får fagleg påfyll, høve til etter- og vidareutdanning og innsikt i utviklingsarbeid. Kommunen sine hovudstrategiar må realiserast gjennom skulane sine utviklingsplaner, god tilrettelegging og oppfølging frå skulekontoret og interkommunalt samarbeid.

## Tiltaksplan for kompetanseutvikling 2020

I høve til kompetanseutvikling skil ein mellom fire hovudtyper:

1. Vidareutdanning – vert avslutta med eksamen og gjev formell kompetanse (studiepoeng)
2. Etterutdanning – kurs, konferansar. Dette fører ikkje til formell kompetanse, men er eit verkemiddel i høve til oppdatering og fagleg påfyll.
3. Skulebasert kompetanseheving - Skulebasert kompetanseutvikling inneber at:
  - skulen, med leiing og alle tilsette deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass over tid. Føremålet er å utvikla skulens samla kunnskap, haldningar og ferdigheitar når det gjeld læring, undervisning og samarbeid.
4. Desentralisert kompetanseutvikling. Gjennom Fylkesmannen via FOS har Fitjar kommune innleia eit samarbeid med NLA i høve kompetanseutvikling. Tema: Inkludering kopla opp mot arbeidet med ny overordna del og nye fagplanar.

## Vidareutdanning (Utdanning som gir formell kompetanse og studiepoeng)

Kompetanse-utviklingsområde	Målgruppe	Type tiltak – organisering	Merknad – utfyllende opplysninger	Stipulerete kostnadar
Engelsk 1 1 - 7	Lærar barnetrinn	Universitetet i sørøraustnoreg (nettbasert)	1 lærar fullfører våren 2020	Kr 63.000,- (Statleg støtte kr 58.000)
Matematikk 1 5 - 10	Lærar mellomtrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar fullfører våren 2020	Kr 132.500 (Statleg støtte kr 127.500,-)
Begynnarpoplæring1 1 – 7	Lærar barnetrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar fullfører våren 2020	Kr 107.000,- (Statleg støtte kr 102.000,-)
Matematikk 1 1 – 7	Lærar barnetrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar fullfører våren 2020	Kr 132.500 (Statleg støtte kr 127.500,-)
Matematikk 1 1 - 7	Lærar barnetrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar fullfører våren 2020	Kr 132.500 (Statleg støtte kr 127.500,-)
Norsk 2 1 - 7	Lærar mellomtrinn	Universitetet i sørøraustnoreg (nettbasert)	1 lærar fullfører våren 2020	Kr 63.000,- (Statleg støtte kr 58.000,-)
Norsk 1 1 – 7	Lærar barnetrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar byrjar hausten 2020	Kr 107.000,- (Statleg støtte kr 102.000,-)
Matematikk 1 5 - 10	Lærar mellomtrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar byrjar hausten 2020	Kr 132.500,- Statleg støtte kr 127.500,-)
Engelsk 2 1 – 7	Lærar mellomtrinn	Høgskulen på Vestlandet	1 lærar byrjar hausten 2020	Kr 107.000,- (Statleg støtte kr 102.000,-)
Matematikk 2 5 – 10	Lærar mellomtrinn	Universitetet i Agder (nett.)	1 lærar byrjar hausten 2020	Kr 132.500,- (Statleg støtte kr 127.500,-)
<b>Sum vidareutdanning</b>				<b>Kr 1.109.500,-</b> (Statleg støtte kr 1.059.500,-)

Grøn farge: Lærarar under utdanning 2019 - 2020. Gul farge: Har fått godkjenning frå kommunen og utdanningsdirektoratet. Oppstart haust 2020.

I tillegg er det 1 skuleleiar som skal gå på rektorskulen.

## Etterutdanning (kurs, konferansar, nettverksgrupper, utviklingsarbeid, prosjekt etc)

Kompetanseutviklingsområde – fagområde	Målgruppe	Type tiltak-organisering	Merknad – utfyllende opplysningar	Stipulerete kostnadar
--	-----------	--------------------------	-----------------------------------	-----------------------

Planleggingsdag i august 2019	Alle tilsette i grunnskulen	Skulebasert kompetanseutv.	Skulekontoret organiserte dagen	Kr 10.000,-
Planleggingsdag i januar 2020	Alle tilsette i grunnskulen	Skulebasert kompetanseutv.	Skulekontoret organiserte dagen	Kr 10.000,-
Skuleleiarkonferanse i Haugesund 2020	Alle skuleleiarane	Leiarkonferanse	Samarbeid i FOS på tvers av kommunar	Kr 16.800,- (Statleg støtte kr 14.866,-)
Fagdagar for skuleleiarar	Skuleleiarane i grunnskulen	Etterutdanning/ erfaringsutveksling	Samarbeid i FOS på tvers av kommunar	10.000,-
Diverse kurs/nettverk gjennom FOS	Assistentar, lærarar, skuleleiarar	Etterutdanning	Ulike emner og fag	Kr 20.000,-
Pilotering Chromebook	Tilsette ved skulane	Lokale og regionale workshoop.	Teamsoppbygging Erfaringsutveksling Appar	Kr 20.000,-
Andre kurs og konferansar	Etatsjef og skulefagleg rådgjevar	Kurs – fagdagar etc.	Gjennom Fylkesmannen	Kr 10.000,-
Ny overordna del og nye fagplanar. Går over fleire år. Oppstart 2019	Alle tilsette ved skulane	Felles samlingar	Desentralisert kompetanseutvikling gjennom NLA	Kr 25.000,- (Statleg støtte kr 271.000,-)
Planleggingsdagar i august oppstart nytt år	Alle tilsette ved skulane	Arbeid ved den enkelte skulen, felles grunnlag	Desentralisert kompetanseutvikling gjennom NLA	Kr 10.000,-
Kompetanseløft innan spes. ped og inkludering. St. melding nr 6	Tilsette i grunnskulen	Etterutdanning	Gjennom desentralisert kompetanseutvikling	Kr ???
<b>Sum etterutdanning</b>				<b>Kr131.800,- (statleg støtte kr 285.866,- dekker delar av dette)</b>

## Samarbeidspartnarar

I arbeidet med kompetanseutvikling er det viktig at Fitjar kommune opprettar og går inn i samarbeid med andre kommunar og ulike utdanningsinstitusjonar. I denne planen legg ein til grunn at dei eksterne hovudsamarbeidspartnerane skal vera:

- Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- Utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland
- Norsk Lærarakademi NLA
- Høgskulen på Vestlandet samt andre høgskular og kompetansesenter som kan tilby relevant etter og vidareutdanning
- Andre tilbydarar av kompetanseutvikling

## **Økonomi**

Fitjar kommune får, etter søknad tilført statlege midlar til kompetanseutvikling. Staten tek no større del av kostnadane til vidareutdanning av lærarar, men noko fell likevel på kommunen sjølv. Det er ein føresetnad at kommunen går inn med eiga finansiering og at denne vert synleggjort i søknader, planer og rapporter. Det er ein føresetnad at kommunen utarbeider og vedtek plan for kompetanseutvikling. Fitjar kommune har søkt om kr 1.059.500,- i midlar til vidareutdanning i 2020. Våren 2020 deltek 6 på vidareutdanning. (4 på frikjøpsordninga kompetanse for kvalitet og 2 på stipendordning) Frå hausten 2020 har 9 lærarar søkt på vidareutdanning. (kompetanse for kvalitet) Fitjar kommune har innstilt 8 lærarar til slik utdanning (frikjøp og stipend). Utdanningsdirektoratet har gitt plass til 4 av desse.

Det er ein føresetnad at kommunen overfører ubrukte statlege midlar frå eit budsjettår til neste. Bruken av både statlege og kommunale midlar skal dokumenterast. Dei økonomiske rammene vil og i noko grad kunne supplerast av ubrukte øyremerka statlege midlar frå tidlegare år.